



Utsynet frå det nye byggjefeltet er fantastisk. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Kva skjer med Ospelunden, er det mange som har spurt sidan dette største tomtefeltet i Kvinnherad vart regulert for to år sidan. No tek nokon av dei sju grunneigarane i feltet initiativet og opnar for sal av dei tre første av dei over 60 tomtene. Dei ligg omtrent 100 meter ovanfor riksvegen.**

Prisen pr. tomt er sett til 250.000 kroner og pengane skal nyttast til å fullføra reguleringsplanen for heile feltet og opparbeida ny adkomstveg frå riksveg 48.

Det opplyser to av grunneigarane, Kjell Yri og Torfinn Myklebust til uskedalen.no. Planen vart laga etter initiativ av grunneigarane og godkjent av kommunen.

Feltet er delvis regulert med veg, vatn og kloakk og det er gjeve klårsignal frå kommunen til sal av dei tre tomtene. Dei kjem til å få adkomst via vegen som tar av like aust for busslomma ved riksveg 48 medan den framtidige vegen inn i området kjem til å ta av omtrent 50 meter nærare Uskedalen. Kvar av tomtene i området er på rundt rekna eitt mål.

Ospelunden heiter slik fordi det ikkje minst tidlegare var mye osp i området. Det ligg på oversida av riksvegen med ein fantastisk panoramautsikt mot Korsnes, Storsundet, Skorpo og Tysnes.

Yri og Myklebust meiner at det nye byggjefeltet bør vera attraktivt og er optimistar når dei nå går ut på marknaden.

Ikkje minst minnar dei om den trygge tilknytninga trafikal sett til dei sentrale delane av Uskedalen: Her er det gang- og sykkelveg heilt fram.

Av Ola Matti Mathisen



Ospelunden-området sett frå Korsnes. Dei tre tomtene som nå blir lagt ut for sal ligg litt til høgre for det store, kvite huset til venstre i biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)